SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Guro Høyvik
E-post: Guro.Hoyvik@sfj.no
Tlf.: 41530608

Vår ref.
Sak nr.: 17/4355-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
17396/17

Dykkar ref.

Møtereferat

Referent: Guro Høyvik

Dato
LEIKANGER, 03.05.2017

Deltakarar: Ole Martini, Njål Hopen Eliasson, Kamilla Fauske Rivedal, Tora Ørnes Tvedt, Lisa Horpen (vara).
Forfall: Tomas Haugnes.

Ungdomspolitisk utval (UPU) 2017/2018 – referat frå møte i UPU 21. til 23. april 2017.

Saksnr. Sakstittel

001 – 17/18 **Godkjenning av sakliste og innkalling**
Sakliste og innkalling vart godkjent.

002 – 17/18 **Orientering om ungdomspolitisk utval og fylkeskommunen sitt arbeid**
v/ Ole Martini (medlem også i 2016/2017) og Guro Høyvik.

Ole og Guro orienterte om arbeidet i ungdomspolitisk utval generelt, vedtektene for utvalet, arbeidsmetodar frå tidlegare utval, møtestruktur m.m. Guro orienterte også kort om fylkeskommunen og korleis ungdomspolitisk utval skal involverast i fylkeskommunen sitt arbeid.

003 – 17/18 **Fordeling av fadderråd i kommunane**
Medlemane i UPU skal mellom anna følgje opp ungdomsråda i fylket gjennom året og har kvar sine «fadderråd». Fadderråda fylgjer ein opp ved å ha kontakt med leiar, delta på møter og så vidare.

Fordeling av fadderråd 2017/2018

- Ole: Eid, Gloppen, Selje, Vik.
- Njål: Askvoll, Bremanger, Førde, Naustdal, Vågsøy.
- Kamilla: Balestrand, Fjaler, Flora, Hyllestad, Jølster, Solund.
- Tora: Aurland, Lærdal, Leikanger, Luster, Sogndal, Årdal.
- Tomas: Gaular, Gulen, Hornindal, Høyanger, Stryn.

004 – 17/18 **Fordeling av ansvarsområde**
Medlemane i UPU fordeler avdelingar/ansvarsområda til fylkeskommunen mellom seg. Kvart medlem tek kontakt med si avdeling i fylkeskommunen i etterkant av første møte i UPU. Guro er til hjelp med namn på kontaktpersonar i dei ulike avdelingane.

- Ole: planstaben.
- Kamilla: opplæringsavdelinga.
- Njål: kulturseksjonen.
- Tora: samferdsleavdelinga.
- Tomas: næringsseksjonen.

005 – 17/18 **Diskusjon om møtekultur og struktur, og om kva rolle medlemane kan ha**
UPU drøfta saka og var innom desse momenta:

- Alle kan ta ordet slik dei ynskjer det på møta, leiar styrer ordet når det er behov for det.
- Dersom ein må melde forfall til eit møte må ein melde frå så tidleg som råd.
- Ungdomspolitisk utval er partipolitisk uavhengig.
- Ein skal vere tydeleg på kven ein representerer når ein uttalar seg om aktuelle saker.

006 – 17/18 **Møteplan for ungdomspolitisk utval**

Følgjande datoar vart sett av til møte i ungdomspolitisk utval:

- 1. til 3. september
- 10. til 12. november
- 15. til 17. desember

25. og 26. november – nettverkssamling.

Datoane kan verte justerte.

007 – 17/18 **Plan for arbeidet med fråsegnene frå fylkesting for ungdom 2017**

UPU gjekk gjennom fråsegnene som vart vedtekne på fylkesting for ungdom 2017, og laga ein arbeidsplan med tidsrammer og ansvarleg person/ar for kvar fråsegn. Arbeidsplanen vert teke fram att på neste møte.

008 – 17/18 **Evaluering av fylkesting for ungdom 2017**

UPU opplevde at fylkesting for ungdom 2017 gjekk bra og at ting fungerte godt og etter planen.

Det utvalet har merka seg og må følgje opp til fylkesting for ungdom 2018:

- Møteleiar hadde ikkje siste versjon av køyreplanen, viktig at denne er rett.
- UKM- konserten var bra, men neste gong trengst det berre ein konferansier i staden for to.
- Revider dokumentet «FFU frå A til Å», som skal ligge i mappene, legge til korleis fylkesting for ungdom fungerer.
- Sosialt/leikar: planlegge denne delen betre, legge betre til rette for at alle vert samla. Alle medlemane i ungdomspolitisk utval bør hjelpe til så langt som råd.
- Revider evalueringsskjema:
  - legge inn svaralternativ på spørsmål om alder; over 18 år.
  - Dersom UKM- konsert neste år; legge inn spørsmål om den.
- Tellekorps: betre opplæring av dei som vert plukka ut til tellekorps. Sekretær skal ta ansvar for det.

Resultat av evalueringa frå deltakarane:
49 deltakarar har svart på evalueringa som vart lagt ut på søndag under tinget, av totalt 57 deltakarar inkl. UPU. Tilbakemeldingane er gjennomgåande gode, det kjem ikkje fram noko negativt som UPU treng å følje opp vidare.

009 – 17/18 **Høyring på forslag til ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringa**

Kunnskapsdepartementet har sendt ut forslag til ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringa på høyring. Denne skal som skal erstatte gjeldande «Generell del og Prinsipper for opplæringen». Høringsfristen er 12. juni 2017. Fylkes-direktøren for opplærinng har sendt ut invitasjon til m.a. UPU om å komme med innspel til høyringsuttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Frist for å sende inn innspel til fylkesdirektøren er 6. mai 2017.

UPU gjekk gjennom høyringsutkastet og skreiv ein uttale til høyringa. Dei sender denne inn både direkte til Kunnskapsdepartementet og til fylkesdirektør for opplæring som eit innspel til høyringsuttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Sjå vedlegg.

010 – 17/18 **Økonomiplan for fylkeskommunen**

UPU har fått tilsendt brev frå fylkeskommunen der dei får orientering om økonomiplan 2018 – 2021, og handsaming i finansutvalet 6. mars 2017, og vert invitert til å komme med innspel/merknader.

UPU gjekk gjennom arbeidsdokument 1/17 og skreiv eit innspel til fylkeskommunen/finansutvalet. Sjå vedlegg.

011 – 17/18 **Deltaking på møte med presentasjon av resultata av Ungdata-undersøkinga**

Ole og Guro orienterte om ungdomspolitisk utval si involvering i arbeidet med Ungdata- undersøkinga (sjå referat frå møte UPU 2016/2017 januar 2017; 16/4118-30, og mars 2017; 16/4118-32). UPU har no fått ein førespurnad frå planstaben i fylkeskommunen og KoRus om å delta på møte med presentasjon av resultata av undersøkinga 1. juni, slik det også vart førespegla i vinter. UPU er spurt om å halde eit innlegg på ca. 30 min., t.d. om opplevinga av å gjennomføre undersøkinga, og komme med tips til kommunane om korleis dei kan involvere ungdom i arbeidet vidare.

Frå UPU deltek Kamilla og Tora. Guro sender tilbakemelding til Mie Dahl Pind i planstaben og KoRus og vidareformidlar kontakt.

012 – 17/18 **Helse Førde- ungdomsråd**

Guro orienterte om det tidlegare UPU har arbeidd med når det gjeld Helse Førde og ungdomsråd. UPU og Helse Førde har tidlegare vore i dialog, og UPU 2015/2016 sa ja til å bidra med råd i samband med oppretting av eit ungdomsråd for Helse Førde. To av medlemane i UPU 2015/2016 vart oppnemnde som kontaktpersonar. (Sjå referat frå møte i UPU oktober 2016, sak 15/9361-3). Det har ikkje vore kontakt mellom ungdomspolitisk utval og Helse Førde sidan den gong, og i mellomtida har Helse Førde jobba vidare med prosjektet.

Helse Førde har no teke kontakt på ny, med ei oppdatering kring prosjektet og spørsmål om UPU framleis kan tenkje seg å vere involvert i arbeidet. I tillegg spør dei om representantar frå UPU kan delta på ei oppstartsamling 1. til 3 september.

UPU drøfta saka og er positive til å bidra vidare i dette arbeidet. Kamilla og Tora vart valde til kontaktpersonar. Guro melder dette tilbake til Helse Førde. UPU har sjølv møte 1. til 3. september og melder også dette tilbake til Helse Førde. Mogeleg at vara Maylinn Flikki deltek på oppstartsamlinga på vegne av UPU, Tora tek kontakt og avtalar nærare med Maylinn.

013 – 17/18 **Gjennomgang av vedtekter for FFU og UPU, og referat frå fylkesting for ungdom 2017**

UPU gjekk gjennom og la inn endringane i vedtektene som vart vedtekne på fylkesting for ungdom 2017. Dei reviderte vedtektene vart deretter lagt ut på www.sfj.no.

UPU gjekk også gjennom referatet frå FFU 2017. Nokre feil i namn og ufullstendige setningar vart retta. Teksten i fråsegn 31 hadde falle ut, og dette vart retta. Guro sender referatet i posten til Daniel Føssøy Sandbakk og Ingvild Stautland som vart valt av fylkesting for ungdom til å signere referatet.

014 – 17/18 **Orienteringssaker**

- Ole orienterte om arbeidet med Nasjonalt medvirkningsorgan for ungdom (ANMU). ANMU skal ha to møter til, deretter sender ein forlag til mandat til regjeringa. Det første av dei to møta er denne helga (21. - 23. april 2017). Ole har vurdert det slik at det ikkje var naudsynt for han å delta på dette møtet, fordi målet er å vedta mandatet – som allereie er klart.

- UPU i media: Ole har laga oversikt over mediasaker om ungdomspolitisk utval i etterkant av fylkesting for ungdom 2017, ca. 15 stk. til no.

- Ole inviterer fylkesordførar Jenny Følling til neste møte.

- Leiar i hovudutval for opplæring, Karianne Torvanger, har vore i kontakt med Ole. Ho ynskjer å møte UPU for å drøfte korleis hovudutvalet kan involvere UPU best mogeleg i arbeidet sitt. Ole inviterte Torvanger til møtet denne helga, men Torvanger hadde dessverre ikkje anledning til å møte pga. kort frist. Ole inviterer henne til neste møte, i september.

015 – 17/18 **Informasjonsarbeid**
UPU oppdaterte informasjon på fylkeskommunen si nettside www.sfj.no, Facebook og Instagram.

Vedlegg:
- Innkalling og sakliste møte i UPU 21. til 23.04.2017.
- Høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringa.
- E- post frå fylkesdirektør for opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjeld høyring om generell del av læreplanverket for grunnopplæringa, datert 19.03.2017.
- Uttale frå ungdomspolitisk utval til Kunnskapsdepartementet til høyring om generell del av læreplanverket for grunnopplæringa.
- Uttale frå ungdomspolitisk utval til fylkesdirektør for opplæring til høyring om generell del av læreplanverket for grunnopplæringa.
- Brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ konstituert økonomisjef, datert 07.03.2017.
- Uttale/innspel frå ungdomspolitisk utval til fylkeskommunen sin økonomiplan 2018 – 2021.
- E- post frå Helse Førde ang. oppfølging og vidare samarbeid i høve ungdomsråd, datert 03.04.2017.

Mottakar (ar)
Ole Martini
Njål Hopen Eliasson
Kamilla Fauske Rivedal
Tora Ørnes Tvedt
Lisa Horpen

Kopi til:
Tomas Haugnes
Ingebjørg Erikstad, NKA